



Stendal Vvs AS
Blombakken 1
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/2351 - 19/38670

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
18.12.2019

Dispensasjon for etablering av avlaupsanlegg til fritidsbustad - gbnr 131/63 Remme

Administrativt vedtak. Saknr: 800/19

Tiltakshavar: Solveig Marie Fosse Gundersen

Søknadstype: Søknad om dispensasjon etter plan- og bygningslova (pbl.) § 19-1

Tiltak


Saka gjeld søknad om dispensasjon frå arealføremålet LNF i kommunedelplanen for Knarvik –Alversund med Alverstraumen 2019-2031 føresegn 3.4.1 og det generelle byggjeforbodet i strandsona i plan- og bygningslova (pbl) § 1-8, for etablering av avløpsanlegg for eksisterande fritidsbustad på gbnr 131/63. Dispensasjonssøknaden er knytt til søknad om utsleppsløyve der utsleppet frå eigedomen skal reinsast i slamavskiljar og førast i tett leidning til sjø.

Det vert elles vist til søknad mottatt 18.10.2019.

Sakshandsamingsfrist


Søknaden var komplett og klar for handsaming den 18.10.2019 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 12 veker frå denne dato.

Revidert situasjonskart, datert 17.10.2019




Ortofoto 2018

Situasjonskart, datert 20.08.2019





Utsnitt KDP



Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område som i kommunedelplanen for Knarvik –Alversund med Alverstraumen 2019-2031 føresegn 3.4.1. I LNF-områda er det berre tillat å føre opp bygningar og anlegg som er nødvendig for primærnæring og for natur- og friluftaktivitetar. Tiltaket ligg innan for 100-metersbeltet langs sjø, jf. pbl § 1-8.

Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå LNF-føremålet og pbl. §1-8. Det er søkt dispensasjon med slik grunngjeving:

*Ønske om offentleg godkjent vannforsyning, det kneves da godkjent utslipp som da vil redusere utslipp fra ukdo.
Det har vært diskusjon om å koble seg på avløp fra naboer, men har kommet til enighet om eget utslipp på egen eiendom.*

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Kommunen legg til grunn at søknad om dispensasjon på grunn av tiltaket sin art og plassering ikkje skal sendast på høyring til Fylkesmannen i Vestland, jf. fylkesmannen sitt brev av 31.01.2012. Fylkesmannen i Vestland får vedtaket til klagevurdering.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av anlegget er vist i revidert situasjonskart datert 17.10.2019. Situasjonskart datert 20.08.2019 viser utsleppstad og utsleppsdjupne for sjøleidning.

Avstand til nabogrense er ikkje vist på situasjonsplan. Med vist plassering av anlegget på revidert situasjonsplanen, datert 17.10.2019, legg kommunen til grunn at minste avstand mellom slamavskiljar og nabogrense er 4 meter.

VURDERING:

Dispensasjon

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert i frå ikkje verte vesentleg tilsidesett. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggje innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjon kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

Omsøkte tiltak gjeld etablering av nytt avløpsanlegg for etablert fritidsbustad som i dag nyttar utedo. Området er ikkje utbygd med offentleg avløpsanlegg og det ligg heller ikkje føre konkrete planar om slik utbygging. Avløpssituasjonen i området må løysast ved etablering av private anlegg. Påkopling til offentleg vatn forutsett løyve til etablering av avlaupsanlegg/utsleppsløyve.

Omsyna bak LNF-føremålet er i hovudsak å verne om samfunnsinteresser knytt til landbruk, natur og friluftsliv. Det er ynskjeleg å unngå uheldig omdisponering og fragmentering av landbruksområde og anna grønstruktur.

Omsynet bak byggjeforbodet i strandsona er å gje strandsona eit særskilt vern og halde den fri for tiltak for å sikre ålmenta sine interesser, spesielt ferdsle og friluftsinnteresser, landskapsomsyn og verneinteresser. Til dømes vil landskapsomsyn tilseie at fysiske inngrep og/eller anlegg i strandlinja bør avgrensast.

Når det gjeld landbruksinteresser så gjer ikkje dei seg særskilt gjeldande for omsøkte tiltak. Vurderinga blir om omsyna bak strandsonevernet og friluftsiinteressene vert sett vesentleg til side som følgje av ein dispensasjon i denne saka.

Etablering av avløpsanlegg slik det er søkt om vil etter administrasjonen sitt syn ikkje ha vesentlege negative verknader på arealbruk eller strandsone. Reinseanlegg og leidningar skal plasserast på eigen grunn og anlegget er knytt direkte til eksisterande fritidsbustad. Avløpsanlegg og leidningar skal gravast ned og terrenget skal reetablerast. Dei omsøkte tiltaka vil ikkje medføra endra bruk arealet. Omsøkte tiltak vert vurdert til å ikkje gje negative verknader i forhold til verken arealbruk eller strandsone. Administrasjonen finn etter ei samla vurdering at verken LNF-føremålet eller dei omsyna byggjeforbodet i strandsona skal ivareta vert vesentleg sett til side.

I vurderinga av fordelar og ulemper har administrasjonen lagt vekt på at omsynet til arealføremål og strandsone er vurdert til å ikkje bli sett vesentleg til side og at tiltaket vil sikra ei forsvarleg og helsemessig tilfredsstillande avløpshandtering frå eigedomen. Fordelane ved å gje dispensasjon er vurdert å vera større enn ulempene. Vilkår for dispensasjon i pbl § 19-2 er oppfylt. Søknaden om dispensasjon vert godkjend.

Vidare handsaming

Dispensasjonsvedtaket vert å sende Fylkesmannen i Vestland til klagevurdering i samsvar med gjeldande sakshandsamingsreglar. Vi gjer merksam på at dersom det kjem klage på eit vedtak er ikkje saka endeleg avgjort før klagen er handsama av fylkesmannen.

Etablering av leidning i sjø vil krevja løyve etter hamnelova. Saka vert send Bergen og Omland havnevesen, som forvaltar hamnelova på vegne av kommunen, til orientering.

Søknaden om utsleppsløyve vert handsama i eige vedtak.

Etablering av anlegget kan ikkje ta til før det er søkt om og gitt løyve etter plan- og bygningslova § 20-1, jf. § 20-3.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå arealføremålet LNF i kommunedelplanen (KDP) og plan- og bygningslova § 1-8 for etablering av avløpsanlegg slik det er søkt om.

Dispensasjon vert gjeve på følgjande vilkår:

- 1. Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.**
- 2. Utbygging skjer innanfor føresegn 3.4.1 i kommunedelplanen for Knarvik –Alversund med Alverstraumen 2019-2031.**

Vi gjer merksam på at tiltaket er søknadspliktig etter plan- og bygningslova §§ 20-1 og 20-2.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.:19/2351

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Bortfall av løyve

Vedtaket om dispensasjon er gyldig i 3 år, jf. pbl § 21-9. Fristen kan ikkje forlengast. Det må ligga føre løyve til tiltak etter plan- og bygningslova innan utløp av 3 års fristen for vedtaket.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Solveig Marie Fosse Gundersen
Stendal Vvs AS

Postboks 15 Åsane 5876
Blombakken 1 5911

BERGEN
ALVERSUND

Mottakarar:

Solveig Marie Fosse Gundersen
Stendal Vvs AS

Postboks 15 Åsane 5876
Blombakken 1 5911

BERGEN
ALVERSUND